


**CD**



## Audiens

**ARTIST:** Schola Cantorum & Nordic Voices, dirigent Tone Bianca Dahl.
**SELSKAP:** Lindberg Lyd. 2L61.

# Korklang i verdenstoppen

Norske kor hevdar seg godt internasjonalt, ikkje minst ved å presentere ny musikk, og gjerne norsk. Schola Cantorum, eit kammerkor av musikkstudentar, er eitt av dei. På «Audiens» høyrer vi blant anna Torbjørn Dyrud (f. 1974) si tonesetting av Inger Hagerups dikt «Snart kysser hun sin venn i rosenhagen», ein komposisjon som blir karakterisert som både vital og engasjerande, mens Eric Whitacre tek i bruk klangar frå renessansens Italia for å skildre Leonardo da Vincis draum om å fly! Sverige er representert med Karin Rehnquists musikk til Bo Bergmans dikt «Bara du går över markerna». Her er folkemusikken merkbar, mens tittelkomposisjonen «Audiens» er Bjørn Morten Christophersens fargelegging av fem sprelske Gro Dahle-dikt. Komponisten bak blant anna musikken til NRK-serien «Kodenavn Hunter» har signert eit kanskje litt meir eksperimentelt verk der koret syng saman med vokalkvartetten Nordic Voices. Eit album med kvalitet til siste tone, og det slår ein at dirigent Tone Bianca Dahl må ha ei særskild evne til å få songarane til å yte maksimalt.

■■TORE SKAUG